



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 3/2017

Møtedato: 9.2.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Vurdering av stillingsheimlar

Fjelloppsyn II har sagt opp si stilling frå 1.mai. Fjellstyret har dei siste 20 åra hatt mellom 1,6 til 2 årsverk som fjelloppsyn, fordelt på 3 personar. Ein har sidan 2008 hatt slik fordeling: fjelloppsyn I (100%), fjelloppsyn II (50%), sesongoppsyn (10%) og deltidsoppsyn i varierende omfang. Fjellstyret har i tillegg leigd inn midlertidig hjelp til stamfiske, snikkarhjelp mm. Det er same person som har hatt stillingane som fjelloppsyn II og sesongoppsyn. Begge stillingane er no ledige. Fjellstyret må ta stilling til om ein skal lyse ut begge stillingane og ev. i kor stor stillingsprosent.

Fjellstyret har sidan 2008 fått ein noko svakare økonomi. Inntektene frå elgjakt og småviltjakt er reduserte pga. svakare/svingingar i bestand. Festeinntektene er også reduserte i perioden. Lønnsutgifter og spesielt pensjonsutgifter har auka meir enn vanleg prisvekst. Fjellstyret har hatt eit stabilt lite overskot dei siste åra og har ein solid eigenkapital.

Fjellstyret har ca. kr 100.000 i inntekt ved utleige av tenester, men det varierer litt frå år til år. Utleige er med på å sikre grunnlaget for ei stilling som fjelloppsyn II. Det bør arbeidast for å fleire oppdrag, men det er usikkert å satse på som eit fast grunnlag for stillinga. Tidlegare hadde fjellstyret mange kortvarige oppdrag for å sikre ei full stilling som fjelloppsyn II. Dåverande fjelloppsyn fann det betre å ha ei fast deltidsstilling ved sidan av i staden for mange oppdrag. Det var heller ikkje lett å kombinere fordi mange av oppdraga var når fjellstyret hadde størst behov for arbeidskraft.

Norges fjellstyresamband (NFS) driv ein prosess med å innhente felles prisar på forsikringar, pensjon mm. Dette kan på sikt redusere utgiftene. NFS vurderer ein overgang til innskotsbasert pensjon. Dagens ordning gir stor variasjon i kostnader frå til år. Ved ein ev. overgang til innskotsbasert pensjon, kan fjellstyra få ein reduksjon i kostnaden med pensjon. Fjellstyret har i sak 36/16 vedteke å selja jaktkort via inatur.no. Dette vil bli arbeidssparane og gir grunnlag for ein reduksjon på snautt eitt månadsverk.

Om ein ynskjer å ha ein person tilsett over lengre tid, er det vanskeleg å tilby stilling mindre enn 50%. For å redusere utgiftene kan det vera aktuelt å reduserte/fjerne stillinga som sesongoppsyn. Fjerning av stilling som sesongoppsyn vil gi ei innsparing på ca. kr 75.000. Dagleg leiar bør ha fullmakt til å leige inn midlertidig hjelp som tidlegare.

I sakutgreiing til sak 2/17 er det foreslege delegering av tilsettingar. Om dette blir vedteke, vil framgangsmåten for tilsettingar bli avgjort av tilsettingsutvalet. Det er derfor ikkje gjort framlegg til vedtak om korleis nytt fjelloppsyn skal rekrutterast, men det er gjort ei kort utgreiing om fjellstyret vel ei anna løysing i sak 2/17. Det er ingen spesielle krav til fjellstyret korleis ei ny stilling skal lysast ut. Det mest vanlige er at det blir søkt etter ny arbeidstakar gjennom annonser i aviser og nettsider. På denne måten når ein mange potensielle søkjarar. Tilsetting kan og skje utan annonsering; ved intern utlysing eller ved kontakt med den eller dei kandidatar fjellstyret ønskjer seg. Fjellstyret er ikkje omfatta av tenestemannsloven §12 med reglar om kunngjering. Fjellstyret sitt deltidsoppsyn har vore tilsett frå 2008 og er godt kvalifisert for stillinga om fjellstyret skulle velja intern utlysing. Kostnader til opplæring vil bli minimale og oppsynet kan fungere fullt ut frå start.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret opprettheld stillinga som fjelloppsyn II som ei 50 % stilling og stillinga som sesongoppsyn blir ikkje ført vidare.

Vedtak:

Fjellstyret opprettheld stillinga som fjelloppsyn II som ei 50 % stilling og stillinga som sesongoppsyn blir ikkje ført vidare.

Utlysing av stillinga skal i fyrste omgang avgrensast til intern utlysing. Dersom det ikkje blir internt tilsetting, skal stillinga annonserast ledig gjennom aviser/nettsider.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: